



Til heimane og klassekontaktane for 1. - 7.trinn

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/58 - 19/6817

Saksbehandlar:
Silje Vikøren Palmesen
silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:
26.04.2019



17. mai 2019

Kl. 11.15 vert det oppstilling til barne- og folketog i Krossvegen.

Klassane skal gå klassevis med 1. klasse fremst, så 2. klasse osv.

Klassekontaktane er ansvarlege for å få klassefana på plass (kan hentast om morgonen i skuret ved hovudinngangen til Manger skule) stilla opp klassane og sjå til at alle som vil får bera fanene. Dei fleste klassar har også øvd inn hurra-rop.

5-7 klasse har ei fellesfane, klassekontaktane i 5. kl. har ansvar for fana.

Klassekontaktane må også sjå til at fanene vert sette inn i Radøyhallen og sette attende i skuret på Manger skule om ettermiddagen.

På skulen har alle kontaktlærarane snakka med klassane om at elevane ikkje skal springa i toget, eller springa forbi andre klassar.

Dersom du som klassekontakt ikkje skal delta på 17. mai feiringa på Manger, må du syta for å få ein annan person i din stad.

Med helsing

Inger Morken Ellingsen
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Til heimane og klassekontaktane for

1. - 7.trinn